



Innkalling til møte 14. november 2017

Fysisk Fagutvalg

Medlemm

Didrick, Eline, Halvard, Jonas, Torbjørn, Ivar, Ylva, Astrid, Jan Egil, Fredrik, Magnus, Eric, Johannes, Oskar, Joachim

- **Møtt:** Fredrik, Magnus, Johannes, Eric, Didrik, Astrid, Ivar, Oskar, Torbjørn, Eline, Ylva, Jan Egil
- **Ikkje møtt:** Halvard, Jonas, Joachim
- **Meldt fråver:** Halvard, Joachim, Jonas

1 GAD (Godkjenning av dagsorden)

Dagsorden godkjent.

2 GAR (Godkjenning av referat)

Referat godkjend.

3 Post / epost

3.1 Søknadskurs for Kulturstyret 22. november

1. Realistforeningen held kurs saman med Kulturstyret (?). Ylva vil kanskje. Resten av FFU er meir eller mindre uinteresserte. Me trur det er eit bra kurs for å lære å skrive søknadar.

3.2 Spørsmål fra Universitas: Luftkvaliteta på fakultetet

1. Alle fagutvalsleiarar har fått mail om luftkvalitet på fakultetet.

Ventilasjon vert skrudd av på Lillefy kl 18 og i helgedagar. Det er ikkje bra, det vert tung luft. Origo er også ille. Eline sender mail tilbake med døme på tilfelle der luftkvalita er for dårleg. I Sophus Lie har det variert mykje.

3.3 Mail frå Arnt Inge

1. Møte for emneansvarlege om eksamen, karaktersetting mm. Torsdag 16.11. kl 13. Fagutvalget burde engasjere seg i slike saker. Ivar melder seg til å gå. «Bra!» -Eline

4 Møte

4.1 Instituttstyremøte

- Dialog andsynes brev frå studentane på teoretisk fysikk. Eline var på instituttstyremøte.
- Her har det vore ei misforståing. Instituttleiar har sendt inn planteikningar der CCSE er dei einaste som har fått moglegheit til å kommentere og bestemme korleis arealet i 4.høgda skal nyttast. Tabbe av instituttleiar meiner han sjølv. Jøran beklaga seg. Toget har gått".
No held samtalen fram med arkitekten. Teori får vere med men har separate møter frå Anders Malthe-Sørensen sitt møte med arkitekten. Det synest fagutvalet er dumt, men det er no slik det er.
- Det fungerer å klage. Det var viktig at FFU engasjerte seg, men no er vår jobb gjort. Fjerdeetasjen vert mest sannsynleg slik planteikningane viser no.
- Ide: Ha eit møte mellom fagutvalet og ein representant frå instituttstyret for å sikre informasjonsflyt. Viktig at FFU veit kva som skjer. Forslag om ein gong i månaden.

5 Arrangement

5.1 Spelkveld

Svar på mail frå Jonas (arrangementansvarleg):

- Torbjørn, Fredrik og Jan Egil kjøper snacks.
- Me har nok spel. Opptil fleire tek med eigne spel.

- Det vart blæsta i MAT1100-føreløsing idag. Blæsting i FYS1120-føreløsing imorgon. Me prøver å få opp ein stor plakat på døra til Origo i løpet av kvelden.
- Mange frå FFU har tenkt til å møte på spelkveld. Koseleg.

5.2 Eksamensverkstad

- Emne for eksamensverkstad: MAT1120, IN1900, FYS1120, FYS2160, FYS3110
- Dato: 27.-29. november
- Trengs som må gjerast: Blæste arrangement på Facebook og føreløsingar, lage plakat. Finne gruppelærar.
- Alle må spørje folk som kunne passe. Ein sender melding i Slack dersom ein har funne ein gruppelærar. Gruppelærarar bør vere på plass før slutten av veka.
- Gruppelærarar får eit gåvekort.

5.3 Internarrangement

- Quizlag på RF, fredag 17.11.17. Quiz byrjar: 18:59. Alle kjem litt før. Mange frå FFU har tenkt til å kome.

6 Knask

- Jan Egil tar med.
- Knask er godkjend. «Veldig» -Didrik

7 Evt

7.1 Velgje ny MNSU-representant

Didrik vil sannsynleg verte vald til leiar av MNSU. Representant får 400kr for kvart møte. Johannes vil vere representant frå FFU fram til neste allmøte.

7.2 Merksemd rundt den nye snapchat-kontoen vår.

Forslag for å blæste kontoen:

- Kanskje fysforuio og fysikkunioslo vil dele kontoen på sine mystory?
- Leggje Settje snapcoden på Facebooksida vår og på plakatar for arrangement me har.

- Legge ut på Lillefygruppa.

7.3 Lillefyjulebord

Fysikkforeningen foreslår 27. januar for Lillefyjulebord. Fagutvalet er enige at det er ein dato som kan passe. Eline må invitere sidan ho er leiar av fagutvalet

7.4 Emneevaluering

Ivar minnar om epost til førelesarar. Det står ganske detaljert informasjon på FFU-driven og på Slack samt ein epost-mal. Ylva, Torbjørn, Joakim, Astrid, Dirdrik, Jonas, Halvard må hugse å gjere dette om dei ikkje allereie har gjort det.

7.5 Studentbarometer

Fysikk ligg på 59%. Fysikk ligg ganske bra an. «Eg skal ta den no!» -Eline.